

Fra: Mali Raknes Slemmen[malifoto@frenabb.no]

Dato: 23.09.2017 08:17:28

Til: FMNT Postmottak

Tittel: Høringsuttale revisjon rovviltforvaltning

Hei,

Vedlagt uttale fra lokallag i Møre og Romsdal

"Styret i Haram Sau og Geit er kjende med at det føreligg eit høyringsdokument om forvaltningsplan for rovvilt i sone 6 med høyringsfrist 22.sept. 2017.

Vi reknar med at Fylkeslaget vil sende inn høyringsuttale, og ber om at styrtet tek omsyn til den akutte situasjonen som oppstod i Gråsteindalen i Geiranger med jerveangrep.

Haram Beitelag (organisert beitebruk) har 2-3 medlemmer som har leigd beite i dette området i årevis. Ein av desse, Vidar Sunde; var den som vart hardast råka av jerven sine herjingar.

Stranda kommune vil gjerne ha beitedyr i verdsarvområdet, men viss jerven skal få fortsette på denne måten, blir det nok slutt på beitinga der.

Styret i Haram Sau og Geit/Haram Beitelag oppfordrar Fylkeslaget til å foreslå å trekkje dette området i Stranda kommune ut av yngleområdet til jerven. Det må vegast opp mot fordelane ved å ha beiting i fjella i verdsarvområdet.

Vi håper de tek våre ønskje/krav vidare.

Med helsing

Haram Sau og Geit/Haram Beitelag

Jan Ove Stene

leiar

tlf. 91885533"

"hei

Aure sau og geit har ikke noen konkrete innspill i denne saken.

Vårt største problem her i Aure er tap av lam til ørn tidlig i beitesesongen

med vennlig hilsen

Wenhe Hjelanes"

"Hei

Håper det er kome fleire innspel til fylkestyret slik at dokke kan samordne i eit felles skriv.

I vårt område er det kun jerv som er omtala i forvaltningsplanen og vi er uroa av at det fortsatt skal være 3 ynglingar i Møre og Romsdal sjøl om forvaltningsområdet vert redusert.

I forrige veke vart det teke 13-14 sau i Gråsteindalen, mellom Norddal og Geiranger. Både Norddal og Geiranger ligg innafor forvaltningsområdet for jerv.

I Geiranger "gror det att" vi må inn med fleire beitedyr, vert det sagt i media. Det er planer for eit "fellesfjøs" i Geiranger der sau har vore eit av alternativa, men det hjelper ikkje at sauen er kulturlandskapspleiar om rovdyra har førsteretten i utmarka.

Vart ikkje mange linjene, men slik vart det denne gangen.

Lykke til med det vidare arbeidet.

Mvh
Synnøve Kjellstad
Sunnylven Sau og Geit"

*Mali R. Slemmen
Røssholvegen 30
6445 Malmefjorden
tlf. 916 80 612
sekr. MRSG*